




ÅRSMELDING 2000



Vestlandske Teatersenter

Godkjent på årsmøtet den 7 juni 2001

INNHOLD

Vestlandske Teatersenter i vekst	2
Generelt om år 2000	3
Rapport frå årsmøtet på Stord i år 2000	4
 Aktiviteten på Vestlandske Teatersenter 2000	5
1. Organisasjonsarbeidet og medlemsservice	5
2. Kurs- og kompetansesenteret	6
3. Teaterskolen for barn og unge	11
 Nettverk/ samarbeidspartnerar	12
 Økonomi	14
 Tabellar	16

Vedlegg:

Vedtekter for Vestlandske Teatersenter
 Årsrekneskapen for 2000
 Pressekipp frå 2000

På framsida: Frå vandreteaterframsyninga «Dragen fra Dragefjellet» som vart framført i **oktober** 2000 i Bergen sentrum. Framsyninga var eit samarbeidsprosjekt mellom Vestlandske Teatersenter og Bergen og Omegn Boligbyggelag.

INNLEIING

VT i vekst

2000 har vore eit særskilt aktivt og krevjande arbeidsår. Vestlandske Teatersenter har hatt mange «ballar i lufta», med ei rekke spennande prosjekt og mange samarbeidspartnerar. Aktiviteten har utfordra alle tilsette. Eit medviten utviklingsarbeid av både fagleg verksemad og organisasjon gjev no full effekt, med stor etterspurnad etter tilbod og invitasjonar til samarbeid.

Veksten i aktivitetar avlar seg sjølv; fleire prosjekt fører til at Vestlandske Teatersenter blir enda meir kjent, og dette fører igjen til fleire førespurnader og invitasjonar. I tråd med strategien som årsmøtet vedtok i 2000, er det satsa på nettverk og samarbeid med andre. Meir målretta informasjonsarbeid mellom anna gjennom *VT-kornet* og aktivt mediearbeid har og gjeve resultat.

Men den sterke veksten krev mykje, ikkje minst av dei tilsette, og det har vore nødvendig å hente inn hjelp frå innleigde frilansarar. Å følgje opp alle dei som har vore innom VT, og halde god kontakt med alle våre spennande samarbeidspartnerar har vore særskilt viktig. Det har òg teke tid.

Personalsituasjonen var i fjoråret svært spesiell med utskifting av dei fleste i heiltidsstillingane. Dette skuldast ulike årsaker som permisjon og flytting m.m. Og nye folk er kome inn i både engasjement og faste stillingar; ny kunstnerisk leiar, engasjement av ny ansvarleg for teaterskulen, ny informasjonsmedarbeidar m.v. Saman med fleire sjukepermisjonar har ikkje dette gjort oppgåvene mindre for VT-folket. Ikkje minst gjeld dette Øyvind som ansvarleg leiar. Det er imponerande korleis alle tilsette har gått inn i nye stillingar og løyst oppgåvene. Målet framover no må vere å ta vare på alle slik at vi ikkje bruker folk opp.

Veksten i talet på prosjekt har pressa økonomien. Kostnadsnivået har vore for høgt i forhold til inntektene. Å vurdere kva dei enkelte aktivitetane faktisk kostar, å vurdere prispolitikken og bruk av ressursane blir derfor særskilt viktig i åra framover. Samstundes ser det ut til at dei ferdig utvikla prosjekta no sel som aldri før. Eit døme på dette er *Englevakten*, der Statens Vegvesen har tinga 30 nye framsyninga for 2001.

Når du les årsmeldinga vil du sjå at Vestlandske Teatersenter no står i full blomst, med ei rekke tiltak både i Bergen, på Vestlandet og i andre delar av landet. Meldinga vil òg syne at vi no også er gang med fleire internasjonale prosjekt. Slik sett følgjer vi godt opp dei måla som blei sett i strategiplanen. Men no må tida nyttast til konsolidering av både etablerte prosjekt, økonomi og personale slik at Vestlandske Teatersenter også kan stå støtt vidare framover.

Jo Høyre, styreleiar VT

VT driv eit kompetanse- og ressurssenter for teater på Vestlandet. Laget driv også sin eigen Teaterskole for barn og unge. Vestlandske Teatersenter leiger ca 640 m² i Vestre Strømkai 1, Bergen.

GENERELT OM ÅR 2000

År 2000 har vore eit travelt og utfordrande år for VT. Utviklinga går fortare og fortare, og forslag til samarbeidsprosjekt, produksjonar og oppdrag kjem frå alle kantar. Alle arbeidsplassar må tilpasse seg den nye verkelegheita kvar dag og konsekvensane er ofte små eller store tilpassingar av arbeidsoppgåver og organisasjon. Ofte får dette konsekvensar for kvar pengane går. VT har gjennom året funne det naudsynt å investere meir enn opphaveleg planlagt i produksjonar, personalutvikling, teknologi og kompetanseoppbygging på alle desse områda.

Tusenårsskiftet førte til at mange store prosjekt alle stader i landet, og i tillegg tillegg hadde Bergen status som Europeisk Kulturbyp 2000. Desse to overgripande og samanfallande arrangementa sette sitt preg på ein god del av aktiviteten hos VT. Nokre av desse prosjekta vart svært ressurskrevande både arbeidsmessig og økonomisk.

Vt har gjennomført eit tusenårsprosjekt på oppdrag frå - og i samarbeid med - Norsk Industriarbeidermusum på Rukjan. Dessutan hadde VT planar for seks større eller mindre Kulturbuprosjekt i tillegg tilde en ordinære verksemda; fem av desse vart gjennomførte.

Frå årsmøtet på Stord år 2000

I strategisk plan som vart vedteke på årsmøtet til VT på Stord i april 2000 heiter det:

Vekst gjev utfordringar: Auka aktivitet, fleire samarbeidspartnarar og ei profesjonalisering av både kjerne- og støtteaktivitetane har prega VT dei seinaste åra. For brukarane, styresmaktene og andre aktørar i kulturlivet er VT i ferd med å stå fram med ei breidde i tilbod og kompetanse som få andre liknande organisasjonar har, dette gjeld både i Noreg og i Norden.

Vår visjon er at VT skal utviklast til å vere mellom dei fremste ressursane i landet på utviklingsarbeid innan teater og drama for alle generasjonar, men med særleg vekt på barn og unge.

Mål for arbeidet framover er

- *Utvikle kompetansen på korleis teater og drama kan nyttast som eit middel til oppleveling, formidling, kunnskapskjelde og sosial samhandling.*
- *Oppretthalde og utvikle «Teaterskolen for barn og unge».*
- *Samarbeide med Bergen Kulturskole og andre kommunale kulturskular på Vestlandet om korleis vi saman på beste måte kan tene teaterverksemda for barn og unge i regionen.*
- *Utvikle ein moderne medlemsorganisasjon med gode medlemstilbod.*
- *Styrke arbeidet med å skaffe inntekter frå andre kjelder enn det offentlege.*
- *Få fram nyskapande samarbeidstiltak med andre aktørar utanfor det tradisjonelle kulturlivet.*
- *Styrke samarbeidet med fagmiljø innan teater og drama i Norden og internasjonalt.*

Visjonar

VT har leigd lokale i Vestre Strømkai 1 i Bergen sentrum i 12 år. Huseigar har ikkje oppgradert bygningen teknisk til å stette dagens standard og krav til arbeidsmiljø. Lokala har etter kvart blitt nedslitne og tungvint å arbeide i. Dessutan har verksemda vår auka monaleg dei seinaste åra. VT har difor stort og relativt akutt behov for å finne nye lokale til å drive verksemda vår.

Aktiviteten på Vestlandske Teatersenter 2000

Drifta til Vestlandske Teatersenter er delt inn i 3 ulike virkeområde:

1. Medlems - og organisasjonsservice
2. Kurs - og kompetansesenteret
3. Teaterskolen for barn og unge

1. Organisasjonsarbeidet og medlemsservice

VT hadde i meldingsåret 87 medlemmer under 15 år, og 69 medlemmer over 15 år. I tillegg har VT 21 teatergrupper og 8 offentlege/private institusjonar som medlemmer.

I meldingsåret har det ikkje vore kapasitet til å ta seg av medlemsvervning i den grad som var planlagt til årsmøtet i fjor. Styret legg opp til at det i inneverande år skal utviklast nye medlemeskort, medlemstilbod og spesielle medlemsaktivitetar.

Informasjon

Dei siste åra har informasjonsverksemda i VT vorte meir markant. Målet har vore ei betre og auka synleggjering av breidda i verksemda til VT. Dette er eit mål vi langt på veg har kome nærmare gjennom målretta bruk av fleire informasjonskanalar. Informasjonsarbeidet har vore sentrert rundt tre hovudområde:

1. Pressekontakt og annonsering

Vi har oppnådd tettare kontakt med regional- og lokalaviser. Det har også vorte annonsert meir i 2000 enn tidlegare.

2. Heimeside og e-post

Nettsidene til VT er ein nyttig og effektiv informasjonskanal for verksemda, og er under stadig evaluering. Kvar tredje veke sender VT ut eit nyhendebrev per e-post. Her får samarbeidspartnerar, medlemmer og andre interesserte oppdatert nytt om kva som skjer på teaterfronten når det gjeld kurs, konferansar eller framsyningar. Fleire personar og organisasjonar har meldt si interesse for få tilsendt denne månadlege informasjonen, noko vi tykkjer er svært gledeleg.

3. VT-kornet

Medlemsbladet kjem ut fire gonger i året, og har no eit opplag på 1700. Sidetalet er på 16 sider. For å kompensere for utgifter til trykking og distribusjon, bruker vi no fleire av sidene til annonsering enn tidlegare.

Andre publikasjonar

Vi har også tidvis sendt ut eigne medlemsskriv med aktuelle saker og viktig informasjon. I tillegg produserte vi kurskatalog for hausten 2000 som blei sendt ut i 1500 eksemplar til kontaktar i adressebasen vår.

2. Kurs- og kompetancesenteret

VT har hatt følgjande prosjekt under arbeid i 2000:

NIA Norsk Industriarbeidermuseum på Rjukan

Utviklingsprosjekt på eit ”Lærar-i-rolle spel” om andre verdskrigen og tungvatnsabasjen. Start i 1999 – innstudering med personalet på våren 2000. Premiere 6 april 2000 på museet. Hovudansvæleg på VT var Kristin Geiring, elles har Annicke Gill vore konsulent og Silje B. Folkedal tok siste delen med innstuderinga med tilsette på museet. (Pressekipp vedlagt)

Cirkus 2000 i Grieghallen 16. februar

Cirkus 2000 i Grieghallen den 16. februar var ei av Bergen Kommunale Musikkskole, Bergen Dansesenter og VT sine markeringar av starten for Kulturby Bergen 2000. VT hadde hovudansvaret for regien av programmet på scenen.

”Bilder fra Bjørgvin” Gateteater på Barnas Festspilldag 28. mai i samarbeid med Barnas hus

«Bilder fra Bjørgvin» er eit gateteateropplegg for og med barnehageborn frå 4 – 6 år. Spelet som handlar om middelalderen i Bergen har vore gjennomført kvart år sidan 1995, og er eit fast innslag under Barnas Festspilldag. I 2000 deltok om lag 120 born frå 7 barnehagar. Mange tusen menneske var på Torgalmenningen og mange såg framsyninga.

”Dragen fra Dragefjellet” Gateteater med 70 born og ungdommar i Bergen sentrum

Oppdragsgjevarar og samarbeidspartnerar: Bergen og Omegn Boligbyggelag (BOB) og Kulturby Bergen 2000. Prosjektet starta i mars månad med undervisning i åtte av BOB sine burettslag. Dette munna ut i 3 framsyningar med ca 4.000 tilskodarar under Regnfestivalen i oktober månad.

Lysfest i Prestestien Burettslag ved avslutninga av Kulturbyåret

På oppdrag frå Bergen og omegn boligbyggelag, koordinerte VT øvingar og kunstnarlege innslag til lysfesten i Prestestien BL ved avslutninga av Kulturby Bergen 2000 den 30. november. Det kom omlag 1000 tilskodarar.

Vestlandsheimen Statlege Mottak

Leiinga ved asylmottaket kontakta VT i slutten av 1999 og la fram ønskje om eit opplegg der teater kunne bidra til at ungdom som budde ved mottaket kunne få ein betre og trivelegare kvardag. VT prøvde med fleire ulike innfallsvinklar og nytta frilansinstruktørar både med innvandrarbakgrunn og med røynsler frå å arbeide med innvandrarar frå tidlegare. Det heile munna ut i ei forrykande avslutningsforestilling før jul, med omlag 200 tilskodarar. Både NRK Hordaland og Bergens Tidende var til stades og lagde reportasjar.

Høgskolen i Bergen / Nordisk TIU-konferanse/YOUNG IDEA 2001 / Sminkekurs

VT synest samarbeidet med Høgskolen i Bergen gjennom året har vore tett og godt. VT var med i planlegging og gjennomføringa av den nordiske TIU-konferansen som HiB gjennomførte i mars månad.

VT er også med i planlegging og gjennomføring av YOUNG IDEA 2001, ungdomsdelen i den internasjonale IDEA 2001-konferansen som skal vere i Bergen i juli 2001.

Planleggingsmøter har foregått gjennom heile året.

Tilrettelegging av teaterundervisninga ved Bergen Kommunale Musikkskole/Bergen Kulturskole

Bergen Kommunale Musikkskole (BKM) gav oss i VT som oppdrag å byggje opp det teaterfaglege opplegget og stå for teaterundervisninga i den nye Bergen kulturskole.

Første halvår av 2000 var både fagsjef og teaterpedagogane tilsette hos VT i kombinerte stillinger med undervisning ved vår eigen teaterskole og ved BKM.

Frå hausten har VT og BK etablert ein samarbeidsavtale som definerer felles målsetjingar, rammene for samarbeidet og fordeling av oppgåver. Samarbeidet fungerer svært godt, og det er eit tett fagleg samarbeid mellom pedagogane, bl.a. med møter og intern opplæring når det gjeld personalutvikling.

Eldreteaterkurs med Peter Bredal

Skodespelaren Peter Bredal har halde teaterkurs med eldre i Slettebakken Burettslag ein gong i veka i periodane mars – juni og frå september til november. Dette har vore eit oppdrag i samarbeid med BOB.

Kurs for psykisk utviklingshemma

I samarbeid med Kulturkontoret i Årstad bydel i Bergen har VT arbeidd med å få til teaterkurs for psykisk utviklingshemma. Det lukkast ikkje å få nok deltakarar i år 2000, men det er no i gang eit opplegg over åtte gonger i februar/mars månad 2001.

Den Nationale Scene

Vi har gjennom mange år hatt eit godt samarbeid med DNS der både tilsette og elevar har kunne sjå teater til gunstige prisar. VT har nytta teateret når vi har hatt behov for faglege råd eller leige av rekvisittar og kostymer.

Utover hausten 2000 har VT og DNS funne fram til interessante samarbeidsopplegg også på den kunstnarlege sida. Mellom anna samarbeider vi om å engasjere internasjonalt kjende kunstnarar som skal spele på DNS og halde kurs hos VT.

Festspillene i Bergen

I 2000 vart det også etablert kontakt med leiinga for Festspillene i Bergen. Vi drøfta lenge om å få produksjonen "Hvem har tatt min venstre sko?" med i Festspelprogrammet for 2001. Tre framsyningar av gateteateret «Dragen fra Dragefjellet» skal vere med i programmet for Barnas Festspill 2001.

Hærverkskampanjen - Bergen Næringsråd – Politiet

Bergen Næringsråd og Politiet har i mange år hatt eit ungdomsprosjekt mot hærverk gåande. I 2000 produserte VT eit innslag som vart vist i Grand selskapslokale den 12/1-2000 i samband med oppstart av ein rollespel-konkurranse mellom elevane i vidaregåande skular i Bergen. VT var også med i juryen ved avslutninga av prosjektet.

Norsk Sjøfartsmuseum

VT har starta drøftingar om eit større samarbeidsprosjekt rundt temaet *Kystkultur* med

Norsk Sjøfartsmuseum i Bergen. Det er tanken at prosjektet skal omfatte fleire kystmuseum på Vestlandet, frå Florø i nord og nedover til Rogaland fylke.

"Den magiske timen"

Dette er samlebegrepet for 4 ulike teaterpedagogiske opplegg som VT har laga for barn frå 1 år og opp til 12 år. Opplegga vert tilbydd barnehagar og grunnskular i Bergen og nabokommunane.

"Fargeklatten" for born frå 1 – 3 år. To ulike opplegg: «Tyrihans som fekk prinsessa til å le» og «Troll og heksefest i tarmskogen» for aldersgruppa 4 - 6 år. For born i grunnskulen eit opplegg med utgangspunkt i Alexander Dumas sin roman: «De tre musketerer».

PROSJEKT I HORDALAND FYLKE OG VESTLANDSREGIONEN

"Englevakten" – TIU-produksjon etter oppdrag frå Statens vegvesen, Hordaland.

I 2000 har VT gjennomført 40 framsyningar på 15 skular i 10 kommunar i Hordaland. Meir enn 1.100 elevar i 6 – 7 års alderen har sett forestillinga. Englevakten vart evaluert av Bedriftspedagogisk senter og fekk ei svært god vurdering.

Moster Kyrkjehistoriske Senter – Moster Amfi

Etter ønskje frå leiinga ved Moster kyrkjehistoriske senter har VT utarbeidd planar for eit ungdomsteaterkurs med tema som omhandlar heidenskap og kristendom. Av kapasitetsomsyn vart tiltaket utsett til sommaren 2001.

Kulturnett Hordaland

VT er med i styringsgruppa for Kulturnett Hordaland, og deltek 2 gonger i året på samarbeidsmøter. VT fekk 25.000 i prosjektstøtte frå Kulturnett Hordaland til å skanne inn og gjere teatermanus tilgjengeleg på Internett i digital form. Det står att ein del arbeid med å leggje til rette for publisering på Internett med omsyn til Åndsverklova. I dette arbeidet må vi ha ei samkøyring med Norsk Amatørteaterråd (NAT) og DRAMAS.

Hordaland Teater

Samarbeidet med Hordaland Teater har vore møter der vi gjensidig har orientert kvarandre om planar og arbeid. VT har fått hjelp frå teateret til å produsere nokre sceneelement til teatersalen vår.

Scenekunst Sunnhordland

VT sende eldste klasse ved teaterskolen "Teater Ung" til Scenekunstfestivalen på Stord i 2000. Det har også vore gjennomført eitt samarbeidsmøte mellom leiinga i VT og Scenekunst Sunnhordland.

Høgskolen i Volda

Eit samarbeidsprosjekt der VT og Høgskulen i Volda lyste ut eit 10 vekttals kurs i teater/drama. Kursopplegget var spesielt retta mot dei som ønskte å søkje på undervisningsstillingar i kulturskulær og i skulefritidsordninga. Kurset skulle gå i Ålesund over 1 ½ år. Kurset vart ikkje gjennomført då det berre meldte seg 8 søkerar.

PROSJEKT PÅ LANDSBASIS

Teaterleiarutdanninga VETLU i Alta

På oppdrag frå Hålogaland Amatørteaterselskap (HATS) har VT gjennomført dei siste 5 (av i alt 7) helgekurs i leiarutdanninga vår VETLU. 13 deltararar fullførte.

Norsk Musikk- og Kulturskoleråd - NMOK

Det har vore gjennomført eit møte med fagsjef for teater der ein har drøfta samarbeids-tiltak rundt kurs- og kompetanseoppbyggjing for dei som skal arbeide lokalt i dei kommunale kulturskulane.

Norsk Revyfaglig Senter

VT har hatt møte med leiinga for senteret og drøfta område som det kan vere av gjensi-dig interesse å samarbeide om. Her er det tale om gjensidig formidling av informasjon ut i våre respektive nettverk og om innsamling av lokalt revyhistorisk stoff.

PROSEJKT INTERNASJONALT

The Royal Scottish Academy of Music and Drama har for tredje året på rad lånt lokaler til opptaksprøver for søkjrarar frå Vestlandsregionen.

Litauen. Adm. leiar i VT, Øyvind Haugland, var gjest ved den 1. NEATA-festivalen i Trakai i Litauen i slutten av juli månad. VT arbeider for å etablere gjensidige kontaktar der grupper frå begge land kan møtast og gjestespele. Representantar for Litauens amatørteaterorganisasjonar var invitert til å vere gjestar ved Scenekunstfestivalen på Stord i 2001.

I slutten av året vart VT kontakta av Fransk Informasjonssenter i Bergen med spørsmål om ei av barnegruppene i Teaterskolen kunne delta på den 15. internasjonale barneteater-festivalen F.I.T.E. i Toulouse sommaren 2001. Tredje klassetrinn (gruppe O) som har arbeidd med "Dei tre musketerer" av Alexander Dumas er påmeldt, og VT har sett i gong arbeidet med å søkje reisestøtte til gruppa.

Kursverksemd i eigne lokale:

Hausten 2000 planla og annonserte VT følgjande sentrale kurs

1. Vidaregåande kurs i Teatersport med Tony Totino. Kurset vart gjennomført med 12 deltagarar
2. Førebu deg til audition - for dei som vil søkje seg vidare til teaterhøgskular.
3. Shakespearehelg i Bergen - i samarbeid med DNS.
4. Opp av godstolen! Teaterkurs for eldre
5. Kurs rundt idear til juleopplegg for barnehagepedagogar
6. Andre drama- og teaterfaglege kursopplegg på bestilling frå oppdragsgjevarane.
7. Minikurs i sminketeknikkar

Kurs nr 2, 3 og 4 måtte avlysast på grunn av for få påmeldingar.

For oversyn over kurs på oppdrag frå andre, tal timer og deltagarar, viser vi til tabell i vedlegg til årsmeldinga.

Andre offentlege og private institusjonar: Barnas hus, Bergen - Bergen kulturskole - Statens vegvesen, Hordaland - Vestlandsheimen Statlege Mottak - Bergen Næringsråd - Bergen Politikammer - Hordaland Fylkeskommune - Moster Kyrkjehistoriske Senter - Stiftinga Kystsogevekene - Bergen og Omegn Boligbyggelag (BOB) - Høgskolen i Bergen - Høgskolen i Volda - Bergen Kommune, Byrådsavd. for kultur, Idrett og Skole, Bergenhus bydel og Årstad bydel

Økonomi

Driftsåret 2000 var prega av relativ høg grad av sjukmeldingar og av stor utskifting i kjernepersonalet på grunn av innvilga permisjonar og flytting. Berre to av sju personar har vore tilsett gjennom heile året; fire vart tilsett frå 1. august og ein frå 6. september. Det har også vore naudsynt å bruke mange frilansarar til å løyse oppgåvane VT hadde teke på seg gjennom året.

Det har også vore gjort ein del oppgraderingsarbeider i lokala. Vi har malt tak og veggar på Teaterloftet og skifta trekk på alle benkane. Vi har hengt opp teppeinndeckning og lyskastaroppheng i øvingssalen i 4. etasje slik at den kan brukast som intimteater. Det er gjort nokre mindre ominnreidningsarbeider i administrasjonsavdelinga for å tilpasse fleire arbeidsplassar og betre lagerplass.

Etter at vi fekk store problem med den gamle kopimaskina og lokale printarar i nettverket tidleg på vårparten, valde vi å gå inn i leasingsavtalar med Xerox om betre og meir effektive maskiner. VT har også sett det som naudsynt å investere i datamaskiner og ny spesialisert programvare til kontorstyring og til informasjonsverksemda.

Ein fjerde faktor er investeringar i teaterproduksjonar. Her vil vi nemne «Dragen fra Dragefjellet» og «Den magiske timen». Desse har vore kostnader som vil føre til betre inntekter i åra som kjem.

Arbeidsmiljø

Det har ikkje vore ulukker med personskade gjennom året. Men etter som arbeidet i stor grad er relatert til teater for barn og unge fører det med seg at arbeidstida til dei tilsette vil måtte omfatte både kvelds- og helgearbeid. Arbeidstilhøvet kan også omfatte ein del reiseverksemnd.

I periodar, særleg i april/mai og november/desember er arbeidet ved VT svært produksjonsretta og krevjande for personalet, det er difor nedfelt i tariffavtalen at kunstnarleg/pedagogisk personale har tre veker ekstra ferie i året som kompensasjon; administrativt tilsette har to veker.

Resultat

Resultatet for 2000 vart eit underskot på kr. 484. 377. Styret vil disponere eigenkapitalen på kr 192.871 til å dekkje delar av dette. VT går dermed inn i år 2001 med ein negativ eigenkapital på kr. 291.506. Styret og administrasjonen har som mål å ta inn att heile denne summen i år 2001.

Styret vurderer at alle føresetnadene for vidare drift er på plass. VT hadde fått tilsegn om meir enn 2.4 millionar i offentleg støtte for 2001. I tillegg gjer allereie inngåtte salsavtalar om turné, produksjonar og tenester sitt til at styret finn det forsvarleg å halde fram drifta på nokolunde same nivå som tidlegare. Ei endring til meir bruk av fast tilsett kjernepersonale i staden for innleige av frilansarar er også med på å redusere lønskostnadene i 2001 samanlikna med år 2000.

Tabell 3

Frilansarar i år 2000

Navn	Prosjekt
Hiwa Fayar Ahmed	Vestlandsheimen Statlege Mottak
Bembo Davies	
Walther Bladt	
Paul-Erik Lillholm	Vestlandsheimen Statlege Mottak Open dag til Kulturby2000-opninga Opne dag ved juleavsl. Teaterskolen
Jarle Solheim	Vestlandsheimen Statlege Mottak Dragen fra Dragefjellet (KB-2000) Lysfest i Prestestien Borettslag (KB-2000)
Solvei Stoutland	Dragen fra Dragefjellet (KB-2000) Lysfest i Prestestien Borettslag (KB-2000)
Jan Holden (Dukkenikkerne)	Dragen fra Dragefjellet (KB-2000) Lysfest i Prestestien Borettslag (KB-2000)
Lars Sørhus	Dragen fra Dragefjellet (KB-2000) Lysfest i Prestestien Borettslag (KB-2000)
Tone Guldbrandsøy	Dragen fra Dragefjellet (KB-2000) Lysfest i Prestestien Borettslag (KB-2000)
Kristine Magnesen	Dragen fra Dragefjellet (KB-2000) Lysfest i Prestestien Borettslag (KB-2000)
Irene Ahnell	Dragen fra Dragefjellet (KB-2000)
Marianne Løseth	Dragen fra Dragefjellet (KB-2000) Diverse oppdrag
Berit Eggen Solstad	Dragen fra Dragefjellet (KB-2000) Englevakten (Turné)
Harald Midthun	Englevakten (Turné) Div. kurs etter oppdrag
Tor Christian Bleikli	Englevakten (Turné) Hærverkskampanjen Diverse oppdrag
Berit Berge	Cirkus 2000
Laila Kolve	Barnas festspilldag/Bilder fra Bjørgvin
Dag Olav Larsen	Barnas Festspilldag/Bilder fra Bjørgvin
Frode Bjarøy	Bergen Komm. Musikkskole Diverse oppdrag
Frøydis Flotve (fram til 31/7)	Dragen fra Dragefjellet (KB-2000) Bergen Komm. Musikkskole Barnas Festspilldag/Bilder fra Bjørgvin Diverse oppdrag
Geir Amundsen	Bergen Komm. musikkskole
Greta Evjen	Cirkus 2000
Håkon Dahle	Dragen fra Dragefjellet (KB-2000)
Ingvill Thorkildsen	Barnas festspilldag/Bilder fra Bjørgvin
Jørgen G. Morset	Barnas festspilldag/Bilder fra Bjørgvin Diverse oppdrag
Kristine Wold Andersen	Diverse oppdrag
Rosalind Johannessen	Diverse oppdrag
Peter Bredal	Div teaterkurs for eldre
Silje B. Folkedal	Norsk Industriarb.museum (Rjukan)

Årsmelding 2000

Marte Aa. Synnevåg	Dragen fra Dragefjellet (KB-2000)
Siv e. Øvsthus	Diverse oppdrag Undervisning ved Teaterskolen
Sjur Midttun	Åpent teatersenter v/Kulturbyopninga
Ruth Nonseid	Div. oppdrag
Annicken Solheim	Div. adm. arbeid
Katarina Wolff	Manusprosjekt - Kulturnett Hordaland
Fredrik K. Dørum	Cirkus 2000
Sigrid M. Aakvik	Teaterskolen
Kristine Magnus	Teaterskolen

Årsmelding 2000

Tabell 4

AKTIVITETSKALENDER FOR 2000

Kurs, instruksjon	Oppdragsgjevar	Kurshaldar	Stad	Dato	Barn	unge	vaksne	Timar
Teatersportkurs	Fusa Vdg. Skule	Frode Bjørøy	Fusa	24. 01				6
Drama-introduksjon	Myratun barnehage	Frøydis Flotve	Myratun barnehage	19.01			4	3
Teaterkurs	Nattland skole	Kristine Haugland	Nattland	vår 2000		17		26
Konsulent-oppdrag, lystekn.	Sund kommune	Harald Midtun	Tælavåg	februar				
Teaterkurs	Olsvikfjellet Barnehage	Frøydis Flotve Ruth Nonseid		4.02			39	6
NUTU møte og kurs	VT	Kristine Magnus		11.-13.02		9		20
Teaterkurs, Mosterspel	Kleppe skole	Siv Øvsthus	Kleppe skole	jan/feb				15
Drama for eldre	VT	Peter Bredal	VT				12	18
Opplevelsесdag på VT		VT	VT	25.02				
Kurs på Kalvatræet skole	Kalvatræet skole	Camilla Svingen Trude Østrheim Siv Øvsthus	Kalvatræet skole	29.02- 02.03				9
Teatersportkurs	Fusa kommunale fritidsklubb	Kristine Wold Andersen	Eikeland- osen	21.03 28.03		7	1	6
Sminkekurs	Pinnelien Barnehage	Camilla Svingen		4.02				
Sminkekurs	HiB	Camilla Svingen	VT	14.02		5		3
Minikurs i effektsminke		Camilla Svingen	VT	02.03		4		
Sminkekurs	Ullsmåg skole	Camilla Svingen	Ullsmåg	10.04				
Instruksjonskurs	Holmatun ungdomslag	Kristin Salkjelvik	Øystese	23.09			17	6
Instruksjon	Arne sangkor	Rosalind Johannesen	Arna	24. -30.09				
Teaterkurs for barn	Skjold skole	Siv Øvsthus	Skjold skole	høst 2000				20
Spark- i - baken kurs	Mo skule	Kristin Salkjelvik	VT	10.11			4	6
Teaterkurs	Askvoll kom. musikkskole	Frøydis Flotve	VT	18.10			4	6
Teaterkurs	Florvåg barnehage	Frøydis Flotve	Florvåg	okt/nov				3
Den magiske timen	Diverse barnehager	Kristin Saltkjelvik, Kristine Haugland Frøydis Flotve	VT	8.11 9.11 16. 11- 20.11 30.11	tils. 59 barn			
Instruksjon	Postens revygruppe	Rosalind Johannesen	Bergen	01.10- 18.11			20	12
Instruksjonskurs	Fusa Vdg.	Tor Christian Bleikli	Fusa	30.11		20		6

Årsmelding 2000

Andre oppdrag / Produksjonar	Instruktør, medverkande	Stad	Dato	Publikum
Teaterfagleg undervisning for Bergen Kulturskole	Kristin Geiring Kristin Rognevær Trude Østrehim Hildegunn Fauske	Bergen	01.01-31.07	
Hærverkskampanjen	Kristin Saltkjelvik Tor Christian Bleikli	Bergen	6.-12.01	
Cirkus 2000 - instruksjon	Berit Berge	Grieghallen	01.01- 16.02	
Konferanserapport på oppdrag for Hordaland fylkeskommune	Cecilie Stranger- Thorsen	VT	vår 2000	
Teaterprosjekt for Vestlandsheimen	Hiwa Fazar Ahmed Walther Bladt Bembo Davies Paul-Erik Lillholm Jarle Solheim	Vestlandsheimen Statlege Mottak	vår /haust 2000	
Turne for Englevakten, 40 framsynningar	Kristin Saltkjelvik Harald Midtun Berit E. Solstad	Hordaland	21.02- 31.03	1110
Norsk industriarbeider museum på Rukjan -lærar i rolle prosjekt	Kristin Geiring Silje B. Folkedal	Rukjan	01.01- 06.04	
Audition RSAMD	VT	VT	10.04	6 deltagarar
Barnas Festspilldag Bilder fra Bjørgvin		Torgallmenningen	25.05	1000
Dragen fra Dragefjellet 3 gateframsynningar		Sentrum Bergen	05.-07.10	4000
Oppdrag for Ulvik herad i høve Olav H. Hauge festival	Tor Christian Bleikli	Ulvik	november	
Lysfest Prestestien Borettslag		Åsane	30.11	1000

Leiarutdanning	Oppdragsgjevar	Kurshaldar	Stad	Dato	Deltakarar	Barn	unge	vaksne	Timar
VETLU Alta	HATS	Camilla Svingen	Alta	21.-23.01 10.-12.03			13	13	20 20
		Reidun Gløsen	Alta	29.09 - 01.10 20.-22.10 17.-19.11			13	13	20 20

Dato	Tiltak		Stad	Publikum
18. -19. februar	Åpen dag - barn/ ungdom	Kulturbynatt	V. Strømkai 1	420
16. februar	Cirkus 2000	Gruppe T, R og O	Grieghallen	Ca 1.500
28/3 - 2/4	FUSK (6 forest.)	Teater Ung	Scene USF	200
7. og 8. april	Teaterfestivalen på Stord	Teater Ung	Stord Kulturhus	Ca 500
6. mai	Framsynning	Gruppe O og M	Barnas hus	48
14. nov	Prøverommet	3 elevar frå Teater Ung	BIT-Teatergarasjen	50
9. des	Åpen dag	Juleavslutning	V. Strømkai 1	Ca 450
12.des	Forestilling	TeaterUng	BIKS	

REKNESKAPEN 2000

Til årsmøtet i
VESTLANDSKE TEATERSENTER

■ Statsautoriserte revisorer
Ernst & Young AS

Lars Hillesgate 20A
Postboks 4284 Nygårdstangen
N-5837 Bergen

■ Revisornr. og Organisasjon
NO 976 389 387

Tel.: 55 21 30 00
Faks: 55 21 30 01/55 21 31

Ansvarlige partnere i Bergen:

Dag Døskeland, Tore Fyllingen, Bjørn Gravdal, Tom W. Horne,
Inge Kr. Husby, Odd Monsen, Karl Erik Svanevik,
Medlemmer av Den norske Revisorforening

*

Advokat/Siv.øk. Espen Ommedal
Medlem av Den Norske Advokatforening (MNA)

Revisjonsmelding for 2000

Vi har revidert årsrekneskapen for Vestlandske Teatersenter for rekneskapsåret 2000 som syner eit årsunderskot på kr 484 377. Vi har også revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegg til dekking av underskotet. Årsrekneskapen er samansett av resultatrekneskap, balanse og opplysningar i notar. Årsrekneskapen og årsmeldinga er lagde fram av styret og dagleg leiar for senteret. Vår oppgåve er å vurdere og uttale oss om årsrekneskapen og andre tilhøve slik revisorlova krev.

Vi har utført revisjonen i samsvar med revisorlova og god revisionsskikk. God revisionsskikk krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekneskapen ikkje innehold vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og av vesentlege rekneskapsestimat, og dessutan vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god revisionsskikk omfattar revisjon også ein gjennomgang av forvaltninga av formua og rekneskaps- og internkontrollsystema i selskapet. Vi meiner at revisjonen vår gir eit forsvarleg grunnlag for konklusjonane.

Vi meiner at

- årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gir eit uttrykk for senteret si økonomiske stilling 31. desember 2000 og for resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapsskikk
- leiinga har oppfylt plikta si til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med god rekneskapsskikk
- opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og om forslaget til dekking av underskot, er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Uten at det har betydning for konklusjonen i avsnittet over, vil vi framheve at eigenkapitalen i senteret er tapt, og det er difor usikkerheit om føresetnaden om at drifta skal halde fram. Vi viser til nærmare omtale i årsrekneskapen og årsmeldinga.

Bergen, 12.mai 2001
ERNST & YOUNG AS

Inge Kr. Husby
statsautorisert revisor

■ Arendal, Bergen, Bodø, Bø, Drammen, Finnsnes, Fosnavåg, Fredrikstad, Holmestrand, Horten, Hønefoss, Kongsberg, Kragerø, Kristiansand, Levanger, Lillehammer, Mo i Rana, Moss, Måløy, Notodden, Oslo, Porsgrunn/Skien, Sandefjord, Sandnessjøen, Sortland, Stavanger, Steinkjer, Tromsø, Trondheim, Tønsberg, Vikersund, Ålesund

VESTLANDSKE TEATERSENTER

Noter til regnskapet for 2000

Note 1 - Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med reglane i rekneskapslova og god rekneskapsskikk.

Inntekter

Inntektsføring ved salg av varer og tjenester skjer på leveringstidspunktet.

Klassifisering og vurdering av balansepostar

Omlaupsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfall til betaling innan eitt år samt postar som knyter seg til varekrinslaupet. Postar utanom er klassifiserte som anleggsmiddel/langsiktig gjeld. Omlaupsmidlar blir vurdert til lavaste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominell sum på etableringstidspunktet. Anleggsmidlar blir vurdert til kostpris, men blir nedskrivne til verkeleg verdi dersom verdifallet ikkje er forventa å være forbigåande. Langsiktig gjeld blir balanseført til nominell sum på etableringstidspunktet.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppførte i balansen til pålydande etter fråtrekk for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap blir gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av dei einskilde fordringane.

Note 2 - Tilskot

	2000	1999
Norsk Amatørteaterråd	834 264	819 792
Kulturdepartementet	844 000	829 000
Bergen Kommune	570 000	580 000
Hordaland Fylke	<u>200 000</u>	<u>107 000</u>
Sum	<u>2 448 264</u>	<u>2 335 792</u>

Poster som er sammenslått

Note 3 - Lønskostnader, tal på tilsette, godtgjersler, lån til tilsette

Lønskostnader	2000	1999
Løn	2 485 487	1 955 098
Folketrygdavgift	<u>318 943</u>	<u>254 052</u>
Sum	<u>2 804 430</u>	<u>2 209 150</u>
Gjennomsnittleg tal på tilsette	5	5

Godtgjersler	Løn	Andre godtgjersler
Dagleg leiar	303 161	5 500
Styreleiar	0	20 000

VESTLANDSKE TEATERSENTER

Noter til regnskapet for 2000

Revisor

Revisjonshonoraret for 2000 utgjer 10 000. I tillegg kjem andre tenester med 0.

Note 4 - Fordringar med forfall seinare enn eitt år

	2000	199
Fordringar	8 000	8 00

31. desember2000

11. mai 2001

Jo Høyen
styreleiar

Tormod Carlsen
styremedlem

Kristin H. Geiring
styremedlem

Berit Eldøy
styremedlem

Torgeir Leivdal
styremedlem

Peter Magnus
styremedlem

Astild Overaa
styremedlem

Brynild Haugland
adm.leiar

Vedlagd nokre pressekipp frå 2000:

- ◆ NIA-prosjektet på Rjukan. Lærer-i-rolle teaterprosjekt som museet brukar ved skulebesøk
- ◆ Vestlandsheimen Statlege Mottak: Teater med ungdom som bur i asylmottak -
- ◆ Dragen fra Dragefjellet. Gateteater i samarbeid med Bergen og Omegn Boligbyggelag
- ◆ Englevakten - TIU trafikkprosjekt for 6 - 7 åringer - I samarbeid med Statens vegvesen, Hordaland - Turnerer rundt på skular i Hordaland
- ◆ Bilder fra Bjørgvin - Barnas festspilldag
- ◆ Fargeklatten (Teater for born i alderen 1 - 3 år) Eitt av fire teaterpedagogiske opplegg vi tilbyr barnehagar under samlenamnet «Den magiske timen»



SAMBAEN ER LØS: Paradens rytmekonger kom sist; Matias Silvertsens på vaskebrett og Morten Havnes på trommer.

Da tusen blomster blomstret ...

- Olé, olé, sambaen er løs. Barnas Festspilldag er her igjen! Baktroppe i barnas kulturparade slår det fast, bokstavelig talt: Ungenes egen festspilldag er kommet for å bli.

CATHRINE KRANE HANSEN
KNUT EGIL WANG (foto)
cathrine.hansen@bergens-tidende.no

I år medvirket ett tusen unge kulturister rundt om i byen.

Sambagjengen kom med trommer, vaskebrett og andre oppfinnsomme rytm

meinstrumenter, og var nok paradens friskeste og mest hardtslående innslag.

Forrest i paraden var det stille. Stille som silke i vind. For der holdt kulturskolens tegne- og malegruppe vandreutstilling med sine håndmalte silkepølser. Bak dem igjen sakso-



MIDDLEALDERBARN: 160 barn fra Vestlandske Teatersenter var med på bryllupsfest for kong Eirik Magnusson og hans skotske Margrete.

fonistene: - Gi meg en S! Gi meg en A! gi meg en X! Ka blir det? Saksofon! Ropte og spilte de.

Men det var ikke mange som fikk det med seg. For det var glissent med publikum da det laaange kulturtoget gikk rundt Lille Lungeårvann i går formiddag.

På Torgallmenningen fikk paraden en voksen mottakelse, med åpningstale av kultursjef Bjørn Holmvik og en jazztrio med Olav Dahle i spissen, før unge ballerinaer overtok scenen.

160 barn og voksne fra

avsluttet åpningssekvensen med middelalderisk bryllupsfest for kong Eirik Magnusson og Margrete av Skottland.

Og så fortsatte kulturfesten på scener og sykehuisutover ettermiddagen.

Bindersfolk

og strenge kommandanter

Det var både flyalarm og tranpauser i maskinhallen på Vemork Industriarbeidermuseum i går. 19 skoleelever i blå arbeidsjakker improviserte seg gjennom et lite stykke krigshistorie.

ever fra Rjukan barneskole tok på seg blå jakker og ikke utdelt ny identitet amt jobb som arbeidere kken på Vemork. Året var g rollespillet kunne begyn-

igiverne var tyskerne, og gikk ut på å bygge opp en etter sabotasjen mot nnsanlegget..

BUD TIL SKOLENE
Industriarbeider museum marbeid med Vestlandske inter i Bergen utviklet rollt "Husk at blod er tykkere enn", der fakta og fiksjon i sammen til en spennende s. De to siste ukene har msitærerne og elever fra barneskole svd på spillet n med instruktør Silje Bir-kedal.


agen er at dette skal utgjø-bud til femte, sjette og sju-klasse på barneskolen. varer i circa to skoletimer, ter Knut Forri Børtnes i visningsavdelingen på . Elever og lærere skal alt-være med i handlingen, og et nøyaktig hva som skal ermed blir det hele litt eks-nnende.

MOTSTANDSPOLK

ien utvikler seg etter hvert i noe dramatisk, og her er binderser", fluktplaner, fly-r og vaskekoner med ver-v motstandsfolk på pro-iet.

le litt frising i rekken da msitær Kristine Mathisen erere dukket opp som hen-istreng tysk kommandant ruljerende tyske vakter. nart ble elevene fanget av en, og kastet seg ut i opp-med stort engasjement.

har en introduksjon først elevene lærer spilleregler-s kunne det hele flytt ut. e ukene har vi testet ut hva ingerer, forklarer instruk-



DISPLIN: Museumsitær Kristine Mathisen som tysk kommandant med streng disciplin over arbeiderne på Vemork.

FOTO: ANNE-LISE SURTEVJU

tør Silje Birgitte Folkedal.

- Dette museumsspillet har vært under planlegging siden 1998, og nå begynner det for alvor å ta form. Det finnes mange lignende

museumsspill rundt omkring, men dette spillet er nyskrevet. Vi har vært opptatt av at elevene møter konflikter og dilemmaer underveis som de må ta stilling


til, sier Folkedal. Utfordringen ved å lage spillet var spesielt å ikke la lærerens rolle bli for styrende. Elevene må også selv være litt kreative underveis. Og hvor-

dan det går med arbeiderne og, deres tyske arbeidsgivere, det får de se de som tør være med.

■ ■ ■ ANNE-LISE SURTEVJU

Avisa: RA (RJUKAN) 8/4 - 80

29/12-80 RT



TRØ VARSOMT: Jubelen stod i taket i Vestlandsheimens festsal da mottakets egne tenåringer viste avslidte fakirkunster på julefesten i går. Denne karen står lett som ugentlig på det som for bare minutter siden var fire grønne glassflasker.

Julefest med show og sirkus

ROY HILMAR SVENDSEN
(tekst og foto)

roy.svenden@bergens-tidende.no

Sirkusopptreden av de unge beboerne på Vestlandsheimen asylmottak var det store trekplastret da årets julefest gikk av stabelen i går.

Nærmere 170 av mottakets 218 beboere var til stede på den årvisse høytidsmarkeringen, som helt bevisst var fri for religiøse innslag. I stedet lokket mottaksleder Petter Borthen med sang og musikk, samt et helt nytt sirkusinnslag med ni av Vestlandsheimens tenåringer, hvor blant annet flammeblåsing og fakiroppreden stod på programmet.

– Dette er et stort høydepunkt for alle her på sentret, både oss ansatte og de som bor her. Slik vil vi gi beboerne en julefeiring midt oppe i all ventingen


og usikkerheten, strålende mottaksleder Borthen etter forestillingen.

De mange fremmøtte fikk se frukturen av et nytt prosjekt på mottaket. To instruktører er leid inn fra Vestlandske Teatersenter for å gi tenåringene på asylmottaket et litt annerledes fritidstilbud, og ni av dem var del i festens hovedattraksjon – en dristig og imponerende sirkusopptreden. Hele fem av tenåringene blåste flammer for et begeistret publikum, mens to både gikk og la seg på knust glass.

– Disse ungdommene har vist en imponerende innsatsvilje. Alt dette har de bare øvd inn på to måneder, og det er intet mindre enn imponerende, strålende to instruktørene Paul-Erik Lillholm og Jarle Solheim i Vestlandske Teatersenter.

**Kvinnelig djevel**


Skuespilleren Jennifer Love Hewitt (bildet), kjent fra «I Know What You Did Last Summer», spiller djevelen i komedien «The Devil And Daniel Webster». Ingen ringere enn Anthony Hopkins og Alec Baldwin – som også regisserer – er hennes motspillere. Hopkins prøver å redde Baldwin ut av djevelens klør. – Prosjektet har alt en skuespiller måtte ønske, og det gir meg sjansen til å spille litt mer modne roller, sier Love Hewitt til Hollywood Reporter.

**Ziggy Stardust tilbake**

David Bowie (bildet) går på scenen igjen som Ziggy Stardust i 2002. Da var det 30-årsjubileum for Stardust-premieren, og bandet Spiders From Mars dukker også opp i det ekstravagante showet. Som kommer i grevens tid, siden glamrocken er på vei tilbake både innen mote og musikk. I 1972 skapte Ziggy Stardust sin egen kult-bevegelse.



Drage løs i sentrum



SKUMLE SMÅTØSER: Tonje Emma Bjørnestad (16), Anne Haveland (15), Michelle Smith (17), Rebecca Vænnebo (17) og Kaja Wie V. D. Pas (17).

Så du en drage i sentrum i går? Du så ikke syner. Det er kommet en drage ned fra Dragefjellet for å stjele barns fantasier og drømmer.

– Vi er slavene til dragen, dremmefangerne. Dragen har stjålet alle fantasiene våre, derfor må vi gå rundt med fastatatur. Vi er dessverre fantasiløse, forteller Kaja Wie Pas (17) fra Vestlandske Teatersenter.

Med hettet og skumle, lange grønne fingre skal Kaja hjelpe dragen med å stjele drømmen. Hvis drømmen blir tatt, betyr det sluttet for alle barns fantasier og drømmer. Den eneste måten å stoppe den avskyelige dragen på er å bruke det hemmelige våpenet...

– Vi må forsvere drømmingen, men jeg kan ikke si hvilket våpen vi bruker. Det er jo en hemmelighet, forteller en av de litt yngre skuespillerene, Elizabeth Vårdal Folkedal (9).

Noen stikkord kan hun imidlertid rope:

– Det er masse av det i Bergen, nesten hele året. Dessuten er det veldig bra motildsprutende drager. Skjønner du?

FRA SEKS BYDELER

Utendørs-teateret om dragen, som kom ned fra Dragefjellet, er et samarbeidsprosjekt mellom Vestlandske Teatersenter og BOB.

– Siden det er kulturby-år, hadde vi veldig lyst til å få litt

kultur ut i bydelene også, kan prosjektleder for BOB, Mirjam Glosvik fortelle.

– Vi har samlet barn i alderen 9 til 12 år fra seks bydelar i Bergen. Til sammen er vi vel omtrent 54 unger. Alle har øvd i bydelene sine helt siden i vår.

KJÆRLIGHET PÅ PINNE
Forestillingen går fra Den blå steinen til Musikkpaviljongen og videre til Sæverudsmonumentet, der dragen meter sin skjebne.

– Veldig spennende prosjekt. Det er gøy å se så mange barn engasjere seg i dette, sier Bjarne Wik, en av dem som stoppet opp for å få med seg teateret.

– Og så er det gratis, det burde mange flere av kulturrangementene ha vært, legger han til.


I god premiereånd fikk alle deltagene champagneposisjon i flotte glass etter stykket var vel gjennomført. BOB delte også ut kjærlighet på pinne til alle barna.

– Det er kjempesøg å spille teater, men det er litt slitsomt også, betror Elizabeth oss.

– Kunne du tenkt deg å bli skikkelig skuespiller og oppstre på teater?

– Joda, det er jo liksom drømmen da, sier hun.

INGRID ENGESÆTER-RØEN



DRAGEN i sentrum var et imponerende syn.

FOTO: INGRID ENGESÆTER-RØEN



SØTE SMÅJENTER:
Elizabeth Vårdal Folkedal, Catrine Einarsen og Lise Charlotte Berentsen (alle 9).

Englevakta

Tysdag framførte Vestland-ske Teatersenter (VT) «Englevakten» på Nordbygda skule. Fransyningarettaar seg mot dei yngste elevane, så 1. og 2. klasse ved Gjerde skule var på vitjing.

Førestillinga opnar med myk musikk og ein spølvskimrande engel. Men plutsleig vert engelen vill og leikar at ho kjører motor-sykkel. - Det er så kjedeleg her i himmelen, klagar ho. - Me får


ho no er redd for å gå til skulen. Så er me hos Frøken, som lurer på kva ho skal gjera. Ho får ein god idé, og inviterer Trygge Hvilkenvegsomhelst frå Statens vegvesen til å fortelja om trafikk-tryggleik.

No starrar ein dramapedagogisk del, der barna vert itekne med. Dei snakkar om ulukka som skjedde Vivian og lærer ein song om korleis ein skal sjå til høgre og vensre før ein går over vegen. Til slutt går alle på til rekkjer ned til eit gangfelt nedst i rommet, medan dei syng songen.

Fransyninga er både morosam og lærerik, og me viltru barna tenkjer seg litt om neste gong dei er ute i trafikken.

Skodespelarane Kristin Saltkjelvik og Berit Eggen Solstad har skrive stykket sjølv, i samarbeid med VT og Statens vegvesen Hordaland.


Kristin spela engelen og herr Hvilkenvegsomhelst, medan Berit var Vivian og frøken. Dei er no på turna til 15 skular i fylket.



Over:
Froien Lurvenlei fører elevar frå Gjerde skule trygt over gangfeltet.

Til venstre:
Engelen trøystar Vivian som har vore påkjørt.

I neste scene er me på sjukestova, og engelen vitjar Vivian. Vivian er sint på veninnan som vinkar ho over vegen, og også på leiarinna. Men engelen får ho til å skriva eit brev til frøken Lurvenlei, der ho ber om unnskyldning og fortel at



AKTIV TRAFIKK-OPPLÆRING: Berit Eggen Solstad viser korleis ein skal gå over gangfeltet.

MELAND: – Eg vil ikkje bli påkjørt og bli liggjande åleine i ei seng. Difor lærer eg alt eg kan om trafikksikring. Trafikk-sikring er det eg er mest oppatt nett no, seier Kristin Robberstad Vangen.

DAGRUN STOKKE
dagrun@nordhordland.no

Kristin går i første klasse på Sagstad skule. Denne dagen er ho på Vestbygd skule for å sjå Vestlandske Teatersenter si framstilling av "Englevakten". I lag med Kristin er også dei andre førsteklassingane fra Sagstad og førsteklassingane fra Flatøy.

Historia på scena handlar om to unge jenter. Den eine vart påkjørt og drept, og vi møter henne som engel. Den andre overlevde si ulukke, og føler seg lite nøgd med situasjonen ho befinn seg i. Heller ikkje engelen føler seg nøgd – i eit møte mellom begge jentene endrar situasjonen seg. Den eine innser kor heldig ho har vore, og engelen slår seg til ro med tilværet.

For å unngå at fleire vert påkjørt, startar diskusjonen. Først mellom lærarinna og ein mann frå vegkontoret, men for å koma fram til ei konstruktiv løysing må elevene trå til med sine gode råd. Mange engasjerer seg i diskusjonen, og Kristin legg på ein grei måte fram sitt svar. Eit svar som viser seg å vera heilt korrekt til den minste detalji.

– Eg er medlem i Trygg Trafikk sin barnekubb, og så har mamma og pappa snakk mykje med meg om dette, seier Kristin til Nå etterpå. Ho legg til at akkurat ho er det trafikksikring som opptar henne heilt og fullt og ho forklarar kvifor:

– Dersom eg er uoppmerksam i trafikken, kan eg koma til å bli påkjørt, og så må eg kanskje operera.



"Vil ikkje bli påkjørt"



STOR AKTIVITET: Både Amanda Langeland Sandvall og Anne Askeland synest at teaterstykket var engasjerande og kontaktskapende.

Då kan eg koma til å bli liggjande i senga heilt måtte. Det vil ikkje eg, difor må eg passa på at det ikkje skal skje, seier Kristin.

– Men eg vart litt redd. Dei skreik så høgt på scena at eg trudde dei skulle koma og ta meg, seier Kristin, medan klassekameratane Erlend, Anne, Amalie og Eirik berre syntest alt var gøy og engasjerande. Ei skikkeleg trafikksikringsvise fekk elevene øg med på kjøpet, og ein tur rundt i salen på det provisoriske gangfeltet.

"Englevakten", som vert vist på Knarvik barneskule i dag, er eit samarbeidsprosjekt mellom Statens Vegvesen, Hordaland og Vestlandske Teatersenter.



KUNNSKAPSRIK JENTE: Førsteklassingen Kristin Robberstad Vangen avslørte store trafikkunnskapar. Her saman med Erlend Monstad.

HIBA HUS
FOR DEG MED HUSPLANAR



Kontakt din lokale HIBA HUS forhandler, og få tilsendt ein gratis husmeny

BYGGERN

— STEVNEBØ —

Stevnebø Trelast AS, 5937 Bøvågen
Telefon 56 37 00 08. Telefax 56 37 03 75

Hurra, for festspilldag!

Ved fargerike faner, svingende musikk, vakker dans og fengslende teater, viste barn fra hele byen at det ikke bare er de voksne som kan skape kultur.
– Flott at vi har vår egen festspilldag!
Ropte glade barn.

Under Barnas Festspilldag i går var det barna som var utsøvne, og de voksne som stod på side linjen. Bilen måtte stoppe for det ungerlike folget som marsjerte fra Nygård skole til Torgallmenningen, der dagen høytidelig ble åpnet av kulturstorf Bjørn Holmvik.

Så overtok barna scenen, med afrikanske trommer, russiske balletter, middelalderakter og svingende salso-toner.

På Lysverket, sandindustri-museet, Haukeland sykehus, Galleriet og Paviljongen var det kunstutstilling, vis og musikk ved elver i hele byens kultur- og musikkstoler.

– Det er flott at barna har sin egen festspilldag, stråler tem til venstre fra Dansecenter.

Sammen med de andre elevene fra danseskolen stod de for et fargeprøvende innslag på scenen på Torgallmenningen.

Gjennom alle minste bidro med sitt. Middelalderfestytlet – Bilder fra Bjergvin – ble fremført av åtte hønehatter i samarbeid med Vestlandets teaterenter.

Solen skinnte om knapp med stolte og flotte utsøvne i går. At barna var her en dag til å vise seg på er nesten for gale. Skal man domme etter showet de ga i går, fortjener de sitt eget festspill til neste år.



BARNA ER LØST! Det gikk heilt for seg under Barnas Festspilldag

I går, når ungdoma slapp los på Torgallmenningen. – Hurra vi har festspill, ropte de.

FOTO: SIRHANNE HJØRDEM



FLOT MED EGEN DAG: Ballerina-konsernene Catharina Rathke (12), Marit Røkenes (15), Marit Uea Gulha (10), og Sørhild Johannessen (11) og Yasmin Zeil Bryn (11) er glade for å få sié på scenen denne dagen.



LATTER OG LEVEN: Barnetoget med korpsmusikk og faner, ballonger, friske trommer, mer og smilende klownejeles satte farge på byen i går.



TOK EN FREKKEN: Med et godt grep om krammen blir venetiden kortere .. og morsomme!